

Kva betyr aldersgrensa?

A

Tillaten for alle

Film som er tillaten for alle, skal ha ein neddempa lyd og effektbruk. Dei skal ikkje innehalde urovekkande scener, men filmane kan likevel ha nokre skumle element eller effektar dersom dei er kortvarige og skjer innanfor ei trygg ramme.

6

6-års grensa

Filmar som får 6-års grense, kan innehalde enkeltscener eller innslag som kan vere mørke eller truande, eller scener med dramatisk lyd og effektbruk. Korte nifse element blir tillatne innanfor ramma av «det gode gys» og valdsinnslag dersom dei er tydeleg humoristiske og overdrivne («slapstick»). Vanskelege og vonde tema kan bli tillatne dersom dei er framstilte neddempa eller tilpassa barn i aldersgruppa.

9

9-års grensa

Filmar som inneheld kortvarige og lite nærgåande valdsinnslag, kan få ei 9-års grense. Dette gjeld også filmar som har parti med mørk eller uthygg stemning. Du kan finne skremmande framtoningar og faretruande situasjonar i filmar med 9-års grense. Det same gjeld scener med ulykker, operasjonar, lite dramatiske dødsfall eller noko ustabile vaksenpersonar og uthygge familierelasjonar.

12

12-års grensa

Filmar med 12-års grense kan innehalde noko opprivande tematikk knytt til «vaksensfæren». Det kan for eksempel vere sterke kjensleutbrot eller seksuelle handlingar. Lite nærgåande skildringar av alminneleg seksualitet eller seksuelle skildringar på premissane til barn og unge kan få aldersgrense 12 år. Valdshandlingar eller kortare innslag med skrekkelement i ein urealistisk samanheng kan også få 12-års grense. Dette gjeld for eksempel filmar lagde til eit tydeleg fantasiunivers eller filmar som er sette i ei tydeleg komisk ramme. Også meir røyndomsnære skildringar kan bli tillatne dersom dei er lite nærgåande. Gjennomgåande grov dialog og humor kan også tilseie ei 12-års grense.

15

15-års grensa

Filmar med 15-års grense kan innehalde realistiske, autentiske eller nærgåande skildringar av vald og drap eller tilsvarande sterke skildringar frå krig, katastrofar og terrorhandlingar. Det same gjeld filmar med store mengder «actionvald» eller nærgåande seksuelle skildringar. I tillegg kjem filmar med angstskapande stemning og nærgåande skildringar av overgrep eller omsorgssvikt.

18

18-års grensa

Filmar med 18-års grense har eit særleg valdeleg eller seksuelt innhald eller bruker særleg sterke verkemiddel. Det kan vere store mengder grove, kyniske og detaljerte valdshandlingar, ofte i kombinasjon med eit særleg angstskapande uttrykk. Filmar med omfattande, eksplisitte og nærgåande seksuelle skildringar vil få 18-års grense. Dette gjeld også skildringar av vald og sex i kombinasjon.